

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 06.08.2007
Sakhandsamar: Terje Arne Krokvik og Hans K. Stenby
Saka gjeld: **Utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien**

Arkivsak

2006/426/321

Styresak 074/07 B

Styremøte 05.09. 2007

Bakgrunn:

I Opptrappingsplanen for psykisk helse 1999-2008 blei det også sett av midlar til utbyggingsprosjekt. Det blei tidleg i planperioden gjort ei prioritering av aktuelle prosjekt i dei einskilde fylkeskommunane og gjort ei samla nasjonal prioritering. Det blei lagt vekt på prosjekt knytt til barne- og ungdomspsykiatrien og utbygging av distriktpsykiatriske sentra (DPS).

Dei regionale helseføretak fekk i samband med sjukehusreforma ansvar for å følgje opp og realisera dei aktuelle prosjekta i sine regionar.

I Helseregion Vest er det samla 19 prosjekt med nytt DPS i Stavanger som kom til seinare. Utbygging i private institusjonar er også inkludert. Det er to slike utbyggingsprosjekt.

Styret har tidligare behandla sak om utbygging av Solli sjukehus i samband med omdanning til Fana og Os DPS.

Utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien er det andre prosjektet.

Det blir her lagt fram sak om utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien.

Kommentarar:

Avtale med Helse Vest RHF

Helse Vest RHF har i dag avtale med Hospitalet Betanien om somatiske spesialisthelsetenester, eit distriktpsykiatrisk senter og ein barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk.

Betanien DPS og den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken yter tenester til befolkninga i bydelane Fyllingsdalen og Laksevåg inkludert Loddefjord.

For den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken er det eit befolkningsunderlag på ca 16 000 barn og unge under 18 år pr 01.01.07.

Dimensjonering

Poliklinikken har i dag 17 fagstillingar og 2,5 årsverk for merkantilt personale.

Det er i opptrappingsplanen sett som mål at minimum 5 % av barne- og ungdomsbefolkninga skal kunne få eit tilbod i barne- og ungdomspsykiatrien.

Det er i samband med opptrappingsplanen som retningsgivande antyda at det då er behov for 1 stilling pr 700 barn og unge.

Med ei barnebefolkning på 16 000 gir det behov for 23 fagstillingar. Betanien har foreslått at det i tillegg blir lagt inn 5 ekstra kontor for studentar i praksis, forskarar og for å ta høgde for ei eventuell seinare utviding.

Det er foreslått 6 kontorplassar for merkantil tilsette.

Det er laga eit romprogram med eit samla areal på 1428 kvm brutto. Dersom ein legg til grunn 28 kontor for fagpersonell gir det 51 kvm pr stilling.

Det er i opptrappingsplanen tilrådd ca 50 kvm som norm for areal pr fagstilling i poliklinikkar for barn og unge.

Dagens lokale

Poliklinikken er i dag lokalisert i Fyllingsdalen på same område som DPS-et og dei somatiske tenesta.

Poliklinikken held til i eit tidligare hybelbygg som er ombygd til formålet. Det er 2 plan i bygget.

Noverande bygg vil ikkje ha rom for ei utviding som foreslått.

Utbyggingsløysing

Det er vurdert ulike byggløysingar:

- utbygging knytt til eksisterande lokale
- leige av lokale i nærleiken
- utbygging på andre deler av Betanien sitt tomteområde i Fyllingsdalen

Det er mogeleg å ta i bruk eit hybelbygg til som ligg tett ved lokala som i dag blir nytta. Desse to bygga kan knytast saman men eit mellombygg.

Dette vil vere ei vesentleg rimeligare løysing enn nybygg.

Det er ikkje funne alternative leigeløysingar i Fyllingsdalen. Ei leigeløysing er heller ikkje å anbefala då det enten ville medføre ei deling av poliklinikken eller ei flytting av heile poliklinikken.

Romprogrammet som er laga er basert på bruk av to eksisterande bygg.

Utbygginga kan verka stor i høve til planlagt utviding av talet på stillingar. Det skuldast at dagens lokale allereie er for lite med små kontor og at fleire behandlarar sitt sprett i andre bygg på området.

Utbygginga gjer det mogeleg å samla den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken i tilpassa lokale.

Kostnader

Det er berekna ein samla investeringskostnad på 18,2 mill. kr. Det fordeler seg som følgjer:

• nybygg mellombygg	7 500 000 kr
• ombygging hybelbygg	8 750 000 kr
• ombygging eksisterande bygg	625 000 kr
• utførtsette kostnader	625 000 kr
• inventar og utstyr	320 000 kr
• byggjelånsrente	350 000 kr

Med eit samla bygg på 1 428 kvm brutto areal gir det ein kostnad pr kvm på kr 12 724.

Over 25 år gir det ei årleg avskrivning på kr 738 935.

Nedbetaling av lånet over 25 år vil med 5 % rente vil gi ei årleg utgift på 1,3 mill. kr.

I opptrappingsplanen var det berekna ein kostnad på 20 mill. kr til dette prosjektet (2002).

Utgiftene til drift av nytt areal (forvaltning, drift og vedlikehald) er berekna til kr 300 000.

Nye stillingar tas det ikkje stilling til her. Det blir behandla i samband med årleg bestilling og fordeling av nye midlar i opptrappingsplanen.

Framdrift

Betanien har på eigen risiko sett i gang det aktuelle byggeprosjektet med nytt mellombygg og ombyggingar. Lokala vil vere ferdige til å tas i bruk i løpet av september 2007.

Dersom Betanien ikkje får ein avtale med Helse Vest RHF om bruk av lokala til utviding av den barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikken vil alternativ bruk bli vurdert.

Vurdering

Utbygging av den barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikken ved Hospitalet Betanien er eit av dei prosjekta som Helse Vest RHF skal bidra til å realisera i høve til den nasjonale opptrappingsplanen for psykisk helse.

Det var opphavleg sett ei kostnadsramme på 20 mill. kr (2002) til prosjektet basert på 20 fagstillingar. Prosjektet ligg godt innanfor denne kostnadsramma.

Talet på fagstillingar er auka til 23 og det er lagt inn ekstra kontor for studentar i praksis, eventuelle forskarar og mogelegheit for utviding, til saman 28 kontor. I tillegg kommer kontorplassar for merkantilt personale til saman 6 plassar.

Ei utviding til 23 fagstillingar vil kunne forsvareast basert på faglege vurderingar av tal på stillingar pr befolkningseining. Ein viss reserve kan også vere bra. Prosjektet held seg rimeleg i tråd med dei anbefalte normene for areal i barne- og ungdomspsykiatriske poliklinikkar med 51 kvm areal pr fagstillingar basert på 28 stillingar.

Ei slik utviding gir likevel ein tilleggskostnad både når det gjeld investeringa og drift av bygget.

Stiftelsen vil stille tomt og noverande hybelbygg til disposisjon for formålet som sin eigenkapital i prosjektet.

Det er rimeleg at det blir laga ein tilsvarande avtale med stiftelsen som avtalen med eigarane av Solli sykehus. Denne avtalen inneber at Helse Vest RHF aukar driftsramma til Hospitalet Betanien tilsvarande kapitalkostnaden og at Helse Vest RHF garanterar for denne utgifta i ei periode på 10 år.

Helse Vest får i samband med prosjekta i opptrappingsplanen eit årleg tilskot som er innarbeidd i kapitaltilskotet.

Forslag til vedtak:

1. Helse Vest RHF vil medvirke til utbygging av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk ved Hospitalet Betanien innafor ei kostnadsramme på 18,2 mill. kr.
2. Stiftelsen Betanien er ansvarlege for utbygginga og finansieringa av denne.
3. Helse Vest RHF aukar driftsramma til Hospitalet Betanien tilsvarande kapitalkostnaden for prosjektet (inntil 18,2 mill. kr) samt auka driftskostnad for nybygget. Administrerande direktør får fullmakt til å framforhandle avtale med stiftelsen som regulerar den økonomiske ramma knytt til prosjektet.
4. Avtalen om tilskot til dekning av kapitalkostnadar mellom Helse Vest RHF og Hospitalet Betanien får ei løypetid på 10 år med mogeligheit for forlenging.
5. Utviding av driftsramme med nye stillingar vil bli vurdert i årleg budsjettprosess og i samband med fordeling av nye midlar i opptrappingsplan for psykisk helse.